

**Snart tek tursesongen til for fullt og også i 2013 spelar uskedelingar ei framtrédande rolle som leiarar. Det er tilfelle både når måla er på våre kantar og andre stader i landet. Til dømes er paret Kjell Yri og Mona Enes i spissen under turen under overskrifta Perler i Jotunheimen frå 3. til 7. juli. I den inngår mellom anna føring til Galdhøpiggen og Glittertind og tur over Besseggen. Men før turen til Jotunheimen har dei varma opp med tur over Fonna 29. og 30. juni.**



Mona og Kjell på tytingsafari på Finnskogen. Dit skal dei ikkje leia nokon tur! (Foto: Ola Matti Mathisen)  
Og det stoppar slett ikkje der:

\* Kjell er saman med Ole Horn turleiar under den klassiske vårskituren

til Ulvanåso som i år går 1. april.

\* Mona leiar årets jentetur på sykkel frå fyr til fyr frå 7. til 9. juni

\* Kjell leiar saman med Geir Eidsvik tur til konserten på Låganosa under Festidalen den 3. august.

\* Kjell er saman med kjentmann Anfinn Bakka i spissen for turen 15. september frå Mauranger til Torsnes i Jondal

\* Steinar Kroka er turleiar fleire gonger for seniorgruppa. Det gjeld onsdag 3. april til Samlarusten, 8.mai til Svartavatnet, 26. juni til Mannsvatnet og ned til Haugland, 6. og 7. august i Krokadalen oig 28. august frå Tveitedalen via Børsdalen til Uskedalen.

\* Anbjørn Høvik er instruktør i kajakkpadling på Sunde 5. juni

\* Geir Eidsvik er leiar saman med Rune Slettebakken under padletur i Solund frå 26. til 28. juli.

\* Bjørn Olav Tveit er ansvarleg for skicampen 3.-5. mai

\* Ole Vidar Monsen er ein av leiarane for skicampen til Omnatind 13. og 14. april. Han er også leiar 24. og 25. august for tinderangling frå Ænes til Rosendal

**Ingen skal påstå at uskedelingane ikkje går føre med eitt godt eksempel!**

Av Ola Matti Mathisen